

Klimafilm > Klimaforskning


I klimaforskinga bruker vi kunnskap frå mange fagområde, for eksempel kunnskap om endringar av CO₂-innhald i atmosfæren og den evna havet har til å ta opp CO₂. For å få den fulle oversikta set FNs klimapanel saman kunnskapen i store rapportar, slik at politikarane kan få eit grunnlag for å bestemme klimapolitikken. I arbeidet med å berekne korleis klimaendringane vil bli fleire hundre år fram i tid, bruker klimaforskarar klimamodellar. Men det er fleire usikre faktorar i klimamodellane, mellom anna kor store dei framtidige utsleppa kjem til å bli. Derfor blir det umogleg å lage heilt nøyaktige klimaprognosar. Korleis skal vi handtere uvissa i klimaforskinga? Kan vi stole på prognosen som klimaforskarane lagar? Har FNs klimapanel alltid rett?

Oppgåver før du ser filmen

1. Kva veit du om FNs klimapanel?
2. Korleis trur du forskarar kvalitetssikrar eige og andre sitt arbeid?
3. Klima blir mykje debattert i media. Kva for tema blir spesielt debatterte?

Oppgåver til filmen

1. Keeling plasserte i 1950-åra måleinstrument for CO₂-konsentrasjon i atmosfæren på fjellet Mauna Loa på Hawaii langt unna forureiningskjelder. Kvifor ville han unngå forureiningskjelder, og kva for resultat viser målingane?
2. Målingane viser mellom anna at det er store årstidsvariasjonar i CO₂-konsentrasjonen i atmosfæren. Kva trur de desse årstidsvariasjonane kjem av?



3. Kan havet bidra til å redusere CO₂-innhaldet i atmosfæren?
4. Korleis arbeider FNs klimapanel med å kvalitetssikre og formidle klimaforsking?
5. FNs klimapanel har utvikla scenario som beskriv moglege samfunnsutvikling. Kvifor har FNs klimapanel utvikla fleire scenario? Er det ikkje nok med eitt?
6. Kvifor treng vi scenario?
7. Kva er ein klimamodell?
8. Kvifor er det alltid knytt uvisse til berekningar som er gjorde med klimamodellar?
9. Rapporten frå FNs klimapanel som kom i 2007, konkluderte med at størstedelen av den globale oppvarminga dei siste 50 åra mest truleg er menneskeskapt. Kvifor skapte dette så store overskrifter og debatt?
10. Klimapanelet blei kritisert etter rapporten som kom ut i 2007. Kva gjekk kritikken ut på, og er han rettferdig?

Fordjupingsoppgåver

1. Kvifor er argumentering, usemje og publisering viktig i klimaforskinga?
2. Korleis kan forskarar arbeide med å redusere uvisse i klimamodellar?
3. Kva betyr omgrepet usikker kunnskap? Bruk klima som eksempel.
4. Beskriv det internasjonale samarbeidet som ligg til grunn for FNs klimarapportar.